



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 15.12.2016
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 09.12.16


Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 271/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 272/16	Protokoll fra førre møte
PS 273/16	Endring av budsjett 2016

PS 271/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 272/16 Protokoll frå førre møte



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2015/1629
		Arkiv:	153

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
273/16	Formannskapet	15.12.2016
203/16	Kommunestyret	15.12.2016

ENDRING AV BUDSJETT 2016

Tilråding:

	Opp/ned	Sum	*)
Konto 18700 (skatt på inntekt og formue), ansvar 9013 og funksjon 800	ned	6 500 000	1*
Konto 18000 (rammetilskott), ansvar 9013 og funksjon 840	opp	7 900 000	2*
Konto 19050 (aksjeutbytte), ansvar 9011 og funksjon 870	ned	320 000	3*
Konto 14901 (saldering budsjett 2016), ansvar 9017, funksjon 880	ned	1 080 000	4*
Konto 18100 (statstilskott), ansvar 1271, funksjon 120 og spesifikasjon 12904	opp	1 112 000	5*
Konto 14700 (betaling til andre) ansvar 1271, funksjon 120 og spesifikasjon 12904	opp	1 112 000	
Konto 18101 (øyremerka statstilskott), ansvar 2221, funksjon 202	opp	1 290 000	6*
Konto 10100 (fast løn), ansvar 2221, funksjon 202	opp	380 000	
Konto 10900 (pensjon), ansvar 2221, funksjon 202	opp	50 000	
Konto 10990 (arb gj avgift), ansvar 2221, funksjon 202	opp	65 000	
Konto 15500 (avs til bunde fond), ansvar 2221, funksjon 202	opp	795 000	
Konto 17000 (refusjon frå staten), ansvar 2272 funksjon 202	opp	2 570 000	7*
Konto 10100 (fast lønn), ansvar 2272, ansvar 213	opp	810 000	
Konto 10108 (tillegg), ansvar 227, funksjon 213	opp	40 000	
Konto 10900 (pensjon), ansvar 2272, funksjon 213	opp	100 000	
Konto 10990 (arb gj avgift), ansvar 2272, funksjon 213	opp	140 000	
Konto 11303 (datakommunikasjon), ansvar 2272, funksjon 213	opp	150 000	
Konto 11208 (diverse utgifter), ansvar 2272, funksjon 213	opp	200 000	
Konto 11900 (husleige), ansvar 2272, funksjon 222	opp	150 000	
konto 15500 (avsetning til bundefond),ansvar 2272, funksjon 202	opp	980 000	
Konto 18300 (tilskott frå fylket), ansvar 7011 funksjon 256	Opp	3 050 000	8*
konto15400 (avsetning til disp fond), ansvar 9017, funksjon 880	Opp	3 050 000	

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest kontroll

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Kommunen sitt økonomireglement gir føringar for når ein skal gjere budsjettendringsvedtak i politiske fora. For dei største avdelingane er det når dei reelle inntektene vert 5% over dei budsjetterte og for dei minste avdelingane er det ein sett ei avgrensing til at slik endring skal skje når dei reelle inntektene vert meir enn kr 100.000,- over dei budsjetterte.

I framlegget til vedtak har vi bak linjene sett opp eit nr og ei stjerne, slik 1*. Dett for at kvar einskild endring skal grunngjevast kvar for seg.

1*) Vi har budsjettert våre skatteinntekter til 265,5 mill kr i 2016. Dette er ein auke på 17,0 mill kr i høve til skatteinngongen i 2015. Veksten ser ut til å bli på maksimalt 10,5 mill kr etter at verknadane av den førebelse fordelingsprosenten for 2015 vart kjent 1. desember. Den innebar ein reduksjon av fordelingsprosenten med 0,39 frå 30,12 til 29,74 og ein reduksjon av skatteinntektene på om lag 3,3 mill kr. Heile endringa av fordelingsstala gjekk i staten sin favør. Det gjer at vi i denne saka reduserer budsjetterte skatteinntekter med 6,5 mill kr til 259,0 mill kr.

2*) Normalt sett gir ein skattereduksjon på 1,0 mill kr oss eit auka rammetilskott på 0,6 mill kr. No er det slik at skatteveksten for landet sett under eitt er større enn det staten har forutsett i revidert statsbudsjett og det kjem oss og dei fleste andre kommunar til gode i 2016. Ved å bruke KS sin prognosemodell med ei skatteinntekt på 259,0 mill kr som grunnlag ser rammetilskottet ut til å bli om lag 209,7 mill kr. Det vil seie ein auke på om lag 7,9 mill kr i høve til budsjettet (201,8 mill kr). Dersom alle andre kommunar i landet får ein like stor reduksjon i fordelingsstala som Herøy vil det kunne resultere i eit endå mindre rammetilskott frå staten. Dette vert først kjent rundt 05.02.2017.

3*) Aksjeutbyttet frå Tussa AS vart budsjettert til kr 7.100,- per aksje. Den reelle utbetalinga vart på om lag kr 6.460,- per aksje. Med 513 aksjar gav dette eit inntektstap på om lag kr 320.000,-.

4*) Herøy kommune har også budsjettert med vakansar tilsvarande 2,11 mill kr under ansvar 9017 i 2016. Denne innsparinga er ikkje fordelt ut på avdelingane og vi vel difor å tilrå at denne budsjettposten vert redusert med differansen mellom reduserte skatteinntekter, auka rammetilskott og redusert utbytte Tussa. Totalt utgjør dette om lag 1,08 mill kr.

5*) Kommunen har fått til tilskott på om lag kr 1.112.000,- til breibandsutbygging med staten. Utbygginga er fullført av ekstern utbygger og tilsvarande sum er såleis betalt ut.

6*) Herøy kommune har fått nær kr 1.290.000,- i øyremarka statstilskott til tidleg innsats 1-4 skuletrinnet. Om lag kr 495.000,- vert nytta hausten 2016 (lønn etc) og den resterande delen skal då nyttast i vårsemesteret, noko som gjer at om lag kr 795.000,- må overførast til eit bunde fond.

7*) Herøy har sett igong eit undervisningstilbod til unge asylsøkjjarar kalt EMA (Enslige Mindreårige Asylsøkjjarar). Det ser ut til at kommunen får om lag kr 2.590.000,- i tilskott til dette i 2016, men at sttørstedelen først blir utbetalt i februar

2017. Vi vel å ta med dette som ei 2016 inntekt. Per i dag er det 3 lærarar knytt til tilbudet. I og med at ikkje alt vert brukt i 2016 vel ein å avsette resterande del til fond.

8*) Herøy kommune har motteke om lag kr 3.050.000,- frå fylket/helseforetaket i samband med innføringa av ordninga med øyeblikkeleg hjelp og gjeld perioda 2014-2016. Kommuna har etablert eit slik tilbud og kostnadane med dette tiltaket i 2016 er finansiert ved bruk av øyremarka midlar. Ein råd difor til at dette tilskotet vert avsett til kommunens disposisjonsfond.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka har vi justert nokre kjende inntekts- og utgiftspostar. Nokre av dei er reelle postar og nokre er anslagspostar.

Ved å gjennomføre desse skisserte endringane har kommunen etterkome noko av det sentrale i føringar som staten gjer, nemleg at det skal vere best mogeleg samsvar mellom budsjett og rekneskap sjølv om budsjettstyringa nødvendigvis ikkje vil bli betra gjennom denne endringa.

Fosnavåg, 01.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen